



Henrik Brigtsen
Bruskedalsreset 86
5115 Ulset

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/2863 - 23/56203

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
04.07.2023

Svar på brev - merknad i saka gbnr 1/399 Flatøy

Tiltak: Veg til hytte
Byggjestad: Gbnr: 1/399
Tiltakshavar: Inge Østergaard
Ansvarleg søkjar: Delta Bolig Prosjektering AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar brev den 10.05.23. Du har stilt kommune følgjande spørsmål:

På bakgrunn av det som er nemnt i punkta A og B frammanfor, ber me om å få svar på spørsmåla nedanfor til Alver kommune/Plan, Utbygging og Kommunalteknikk/Byggesaksavdeling:
(dersom dette ikkje er rett avdeling, bed me om at skrivet vert levert til den rette avdelingen).

- 1) Kva gjer Alver kommune for å påsjå at *eigne vedtak* i saker som denne, vert gjennomførde?
- 2) Vil Alver kommune setja i verk tiltak for å få utført det manglande sikringsarbeidet?
- 3) Har Alver kommune gitt «foreløpig brukstillatelse»? Kan me i så fall få kopi av den?
- 4) Har Alver kommune motteke data/koordinatar for den ferdigbygde vegen?
- 5) Dersom svaret på 4) er positivt, kan me då få tilsendt oppdatert kart/målebrev?
- 6) Vil Alver kommune påleggja tiltakshavar å plassera grensemerke som no manglar?

Vi ber om orsaking for at svaret har teke lang tid, dette er pga. saksmengda og prioritering av saker med gebyr.

Svar på spl.1:

Løyve for oppføring av veg på gbnr 1/399 i sak 20/2863 er gitt den 30.01.20. Det er 3 år for å sette i gang tiltaket til løyvet går ut. Arbeidet er starta og då kan ikkje det stoppes i meir enn 2 år. Det er ingen regler elers som siar kor lenge arbeidet skal utførast til de søker om ferdigattest på veg. Ansvarleg søkjar må søke om ferdigattest når jobben er avslutta. Sikring skal utførast i samsvar med løyvet. Ved manglande sikring kan Miljø og tilsyn avd. starte oppfølgings sak.

Svar på spl.2:

Tiltakshavar kan ikkje nytta vegen før den er ferdigstilt med mellombels bruksløyve/ferdigattest. Ved ferdigstilling skal sikring vere gjennomført. Kommune kan ikkje setje tiltak for å gjennomføre sikring, men vi krevjar dette ved ferdigattest/bruksløyve. Unnateke kan vere ved direkte fare for naboeigedommen då vi kan pålegge å setje tiltak etter PBL §28-2.

Svar på spl.3:

Nei, kommune har ikkje gitt bruksløyve/ferdigattest då det ble ikkje søkt om dette.

Svar på spl.4:

Nei, kommune har ikkje motteke SOSI-data/oppmålingskoordinatar for vegen, det skal krevjast ved ferdigattest/bruksløyve.

Svar på spl.5:

Same som i pkt.4.

Svar på spl.6:

Grensemerkene må erstattes av den som tok dem vekk. Kommune kan ikkje pålegge dette det er privatrettsleg sak.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
Inge Østergaard	Flatøyvegen 128	5918	FREKHAUG
Sigrund Bjørghild Austegard	Flatøyvegen 126	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Henrik Brigtsen	Bruskedalsreset 86	5115	Ulset
-----------------	--------------------	------	-------